

Brazzooka imponerte også i Stavanger

20.06.2011



Brazzooka spelar under Aktivitetsdagen

**Dei unge musikantane i Brazzooka imponerte i Uskedalen sist helg.
Denne helga fekk dei ny, god oppleving då dei sundag føremiddag
spela på Born to Play-konsert i regi av Norges Musikkorps
Forbund i Bjergstedsparken i Stavanger.**

Konserten vart avvikla i samband med at NM for skulekorps i brassbandklassen var arrangert i oljebyen denne helga.
Blant dei andre artistane var ingen ringare enn trumpetisten og verdsstjerna Tine Thing Helseth og bandet hennar.

Før dei kom så langt, hadde dei og hatt innslag under festkonserten under NM for skulekorps, brassband, lardag kveld.
Under den konserten var Norges nasjonale brassband hovudaktør.

Med publikumsvennlege låtar, godt scenetekke og framføring begeistra ungdommane også denne gongen.

Brazzooka har hatt ei eventyrleg utvikling, og no har dei store fimbisjonar ramover.

Dei satsar på mykje øving og speleoppdrag. .
Satsinga medfører også at det vert skifte i besetninga..

Det er klart at uskedelingen Vegard Døssland som har vore med frå den spede starten på haustparten 2009, no går ut av bandet då han ikkje har tid og anledning til å følgja opp desse planane.
Han vil prioritera ordinær sommarjobb og andre musikkaktivitetar.

Vegard seier til uskedalen.no at han framover vil satsa minst like mykje på musikken.
Han hadde for mykje, og måtte prioritera.
Det dukkar stadig opp spennande og varierte tilbod,
og dessutan vil han fortsetja med korpsspeling.

Jazzverket og timane hos Erlend V. Aagaard Nilsen
har vore svært viktige for den store utviklinga
han har hatt siste året.

TEKST OG FOTO: Ola Matti Mathisen